



Kjell Rune Melingen
Dolvikhaugene 88
5252 SØREIDGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/836 - 23/30721

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
25.04.2023

Avvist klage - gbnr 40/112 Hodneland

Administrativt vedtak.
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:
Søknadstype:

Saknr:
Kjell Rune Melingen

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i forvaltningslova §28 vert klage på avvising avvist.

Saka gjeld

Det er ved e-post datert 23.04.2023 klaga på avvising på søknad om utvida frist datert 18.04.2023.

Det er i klage vist til historikk rundt saksgang på eigedomen, og forhold knytt til privatrettsleg tvist.

Rettsleg utgangspunkt

Det går fram av forvaltningslova (fvl.) §28 at eit «enkeltvedtak» kan påklagast av ein «part» i saka.

Vurdering av klagerett

Det er på det reine at tiltakshavar er part i saka jf. fvl.§2 første ledd bokstav e).

Spørsmålet er vidare om det er klaga på eit enkeltvedtak.

Det går fram av fvl.§2 første ledd bokstav b) at eit enkeltvedtak er eit vedtak som gjeld rettar eller plikter til ein eller fleire bestemte personar.

Avvising datert 18.04.2023 er ei prosessuell avgjerd knytt til spørsmål om utvida varigheit på byggesaksløyve. Det er i avvising gjort ei vurdering av fristutviding etter pbl.§21-9, som er heimel for bortfall av løyve etter plan- og bygningslova.

Avvising datert 18.04.2023 er ikkje vurdert som eit enkeltvedtak.

Vilkår for klagerett etter fvl.§28 er ikkje oppfylt.

Klage på avvising vert avvist.

Orientering om frist

Det vart i avvist søknad om utvida frist for løyvet vist til at dette gjekk ut 04.05.2023. Ser ved ny gjennomgang at igangsettingsløyve i sak er datert 11.06.2020. Løyvet er gyldig fram til 11.06.2023.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjell Rune Melingen
Kjell Rune Melingen

Dolvikhaugene 88

5252

SØREIDGREND